



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Høyanger Kyrkjelege fellestråd**

Marcus Thranes gate 3  
6993 HØYANGER  
Tlf: 57714100

Høyanger 27.11.24

## **Protokoll møte i Høyanger kyrkjelege fellestråd**

Møte i HKF **tysdag 26.11.24 kl.10.00** på Høyanger kyrkjekontor og med digital deltaking.

### **Mottakarar i fellestrådet:**

*Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Vidar Myren, Torsten Müller, Toril Lange, Bjørn Harald Nybø, Terje Søreide og Kjersti J. Søreide, Frode Merkesvik og Andreas Ester*

### **Kopi går til:**

*Jens Ole Årdal, Sjur Håvard Øygard, Elisabeth Johansen, Eldrun Nordahl, Torunn Styve, Sissel Sørebo, Camilla M. Ådland, Leif Arne Fureli. Knut Magne Nesse. Inger Cesilie Fitje, Renate Ørnehaug Dale, Petter Sortland og Ørjan Haram v/ postmottak Høyanger kommune.*

### **Frammøte:**

*Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Vidar Myren, Elisabeth Johansen og Andreas Ester. Kjersti J. Søreide, Toril Lange, Bjørn Harald Nybø og Terje Søreide deltok digitalt*

**Meldt forfall:** *Torsten Müller- vara møtte, Frode Merkesvik*

### **Sakliste:**

### **Opning av møtet:**

- **Godkjenning av innkalling, sakliste og møteprotokollen frå 17.10.24.**
  - Innkalling, sakliste og protokoll vart godkjent.
  - Til dagsorden: ein valde å ta vedtakssakene først sidan Elisabeth Johansen måtte forlate møtet kl. 12.30
  - Toril kom seint til møtet då ho snudde heim fordi ho frykta omgangssjuka. Ho deltok frå og med sak 027/24 a)
- **Soknepresten har ordet**
  - Teksta for 1.advent – første søndag i det nye kyrkjeåret, er den same som for palmesøndag – om Jesus som kom ridande inn i Jerusalem på eselfolen og vart hylla som konge. Ein annleis konge, vår leiestjerne! Og me minnst at han seinare i veka rydda tempelet, «mitt hus skal vere eit bønnehus og ikkje ei røvarhole!»

## Meldingssaker:

### 23 Vadheim bedehuskapell – status og framdrift

Leiaren i Kyrkjebø sokneråd – Sturla Bell Fossen, orienterte kort frå møtet og om vegen vidare her.

Kyrkjebø sokn skal ha årsmøte for soknet 23.februar, i Vadheim. Innan den tid må både styret for bedehuskapellet og soknerådet ha handsama saka.

### 24 Møtegodtgjersler og honorar.

Kyrkjevevja orienterte om gjeldande regelverk, satsar og utbetalingsordning. Desse er samansett av møtegodtgjersle for medlemmane i råda og månadlege utbetalningar til rådsleiarane. Møtegodtgjersla har ikkje vore endra på mange år, medan godgjerdsla til leiarane har blitt endra frå å ha kyrkjevevja si lønn som grunnlag, til å bli knytt opp til G- grunnbeløpet i folketrygda.

### 25 Kyrkjevevja har ordet.

Kort orientering om budsjettet for neste år og kommunedirektøren sitt forslag til kommunal løyving. Vi set pris på at løyvinga aukar med kr. 450` sjølv om det er om lag 225` mindre enn det vart søkt om. Det vil seie at ein får ikkje bygd seg opp fond til å klare vedlikehaldskostnader som må takast, i så stor grad som budsjettet.

## Vedtaksaker:

### 024/24: Utlysing av kyrkjetenarstillinga i Høyanger

**Vedtak:** HKF lyser internt ut stillinga som kyrkjetenar i Høyanger med inntil 33 % stilling.

Kyrkjevevja får fullmakt til å føreta tilsetting, og elles å avtale løysingar for dei deler av stillinga som ein eventuelt tilsett ikkje vil kunne dekke.

Samrøystes

### 025/24: Søknad om fritak for festeavgift

**Vedtak:** Gjeldande regelverk for gravplassane i Høyanger vart vedteke i 2007. Endringa gjort i 2015 vart ikkje gjeve tilbakeverkande kraft. Det er ikkje gjort endringar i dette gravfestet som tilseier at det er grunn til å sjå bort frå regelverket.

Søknaden vert avslegen.

Samrøystes

### 026/24: Revisjon av reglement og instruksar gjeldande i Høyanger fellesråd.

**Vedtak:** Fellesrådet prioriterer revisjon av reglementa i slik rekkefylgje: som framlagd av kyrkjevevja.

Som utval for oppstart av arbeidet vert desse oppnemnde:

Kyrkjevevja, Elisabeth Johansen og leiar/nestleiar i fellesrådet.

Revisjon, oppdatering og vedtak av nytt lokalt reglement skal vere avslutta innan 1. des. 2025.

Samrøystes

**027/24: Høyrings svar til Kyrkjerådet i fire saker.**

**a) Høyrings svar – rammer for kyrkjevalet.**

**Vedtak:** Svar til Kyrkjerådet på høyringa om rammer for kyrkjevalet vert sendt slik det føreligg etter dei endringar som har kome fram i drøftingane i dette møtet. Høyrings svaret vert vedlagt protokollen.  
Samrøystes

**b) Høyrings svar  
– fellesordningar innan digitalisering, personvern og informasjonstryggleik.**

**Vedtak:** Svar til Kyrkjerådet på høyringa om rammer for kyrkjevalet vert sendt slik det føreligg etter dei endringar som har kome fram i drøftingane i dette møtet. Høyrings svaret vert vedlagt protokollen.  
Samrøystes

**c) Høyrings svar - om 1) regulering av styringstenesta og 2) om biskopens tilsyn.**

**Vedtak:** Høyanger kyrkjelege fellesråd sender ikkje eigne svar på desse to høyringane.  
Samrøystes

**028/24: Møteplan for 2025.**

**Vedtak:** Fellesrådet må pårekne inntil 6 møter i 2025, som hovudregel lagt til torsdagar.  
Samrøystes

**029/24: Val av leiar og nestleiar i HKF for eit år.**

Fire av åtte med røyserett deltok på møtet digitalt. Skriftleg val var difor umogeleg.

**Leiar og nestleiar stilte seg disponible for eit år til.**

Leiar og nestleiar vart attvalde ved akklamasjon.

Fellesrådet valde med det å dispensere seg frå kravet om skriftleg votering, som med heimel i Kyrkjeordninga § 15, er nedfelt i føresegnene § 1, punkt 3.

Protokoll ført av:

*Stig Jonny Fitje*

Kyrkjeverje for Høyanger  
kyrkjelege fellesråd

# Vedlegg til protokollen, svar på høringar, sak 027/24 a) og b)



DEN NORSKE KIRKE

## Høring - rammer for kirkevalg

\* Obligatorisk

Den norske kirke er en demokratisk folkekirke. Alle medlemmer skal ha mulighet til å velge sine representanter til å styre kirken. Kirkerådet mener det er nødvendig å gjøre endringer i regelverket, noe som også vil bety forenklet gjennomføring og reduksjon i ressursbruk. Høringen foreslår blant annet at kirkevalget gjennomføres som digitalt valg med begrensede muligheter til å stemme ved oppmøte. Kirkevalget vurderes gjennomført i et annet tidsrom enn det offentlige valget. Det foreslås avvikling av Nominasjonskomiteens liste ved valg av bispedømmeråd og Kirkemøtet og vektet representasjon fra de ulike bispedømmene i Kirkemøtet. Ved menighetsrådsvalg foreslås det å fjerne muligheten til å skrive opp valgbare personer på stemmeseddelen. I tillegg er det vurdering av en del tema der Kirkerådet ikke foreslår endring.

[kirken.no/kirkevalghoring2024](https://kirken.no/kirkevalghoring2024)

Høringsfristen er 6. desember 2024.

Høringsuttalelser er offentlige etter offentleglova jf. kirkeordningen § 42, og vil bli publisert på [kirken.no](https://kirken.no).

### Personvern

Skriv ikke inn opplysninger som identifiserer enkeltpersoner. Hvis du er en privatperson som sender inn høringssvar, må du oppgi navn. Da blir ditt høringssvar ansett som samtykke til at navnet og høringssvaret publiseres på [kirken.no](https://kirken.no), jf. personvernforordningen artikkel 6 nr. 1 bokstav a og artikkel 9 nr. 2 bokstav a.

### "Engasjerende leser"

Det er mulig å bruke "Engasjerende leser" i arbeidet med høringssvarene, som gir mulighet for både forstørret tekst og opplesning av tekst. Du finner denne funksjonen ved å trykke på de tre prikkene øverst til høyre.

### Praktisk informasjon

Skjemaet er delt opp i flere sider. Du kan gå fram og tilbake i skjemaet hvis du vil se hva du har svart eller gjøre endringer. Du kan skrive ut en kopi av svaret ditt etter at du har sendt inn.

Merk at svarene ikke lagres når skjema lukkes uten at du har trykket på Send-knappen. Man kan bruke arbeidsdokument i Word som kan lastes ned på [kirken.no/kirkevalghoring2024](https://kirken.no/kirkevalghoring2024) mens svarteksten utarbeides.

# Om innsenderen av høringsvaret

1. Jeg svarer som: \*

- Menighetsråd
- Menighetsråd med fellesrådsfunksjoner
- Fellesråd
- Bispedømmeråd
- Biskop
- Utdanningsinstitusjon
- Nomineringsgruppe
- Fagforening
- Organisasjon
- Privatperson
- Annet

2. Navn (råd/organisasjon/privatperson) \*

Høyanger kyrkjelege fellesråd

3. Kontaktperson (hvis innsender er råd eller organisasjon)

4. Bispedømmetilhørighet \*

- Agder og Telemark
- Bjørgvin
- Borg
- Hamar
- Møre
- Nidaros
- Nord-Hålogaland
- Oslo
- Stavanger
- Sør-Hålogaland
- Tunsberg
- Ingen bispedømmetilknytning

## Digitalt valg eller digitalt og fysisk valg?

Innleiingsvis vil fellesrådet kommentere høyringa slik slik:

Høyringsnotatet ber i stor grad preg av å vere endringsframlegg med innsparing som føremål, og meir det enn å vere ei prinsipiell drøfting av sider ved valordninga og demokratiutviklinga i den norske opne folkekyrkja.

I fleire av spørsmåla burde det vore synleggjort tydelegare kva prinsipp som ligg/bør ligge til grunn for dei vurderingane som er lagt fram og som ein ber om uttale om.

Som eksempel:

kva er demokrati ?, er demokrati for alle ? direkte/indirekte val ?

Mykje utgreiingsarbeid vil liggje framom uansett kva modell som vert vald.

Høyanger kyrkjelege fellesråd vil vidare svare ut frå føresetnadane som ligg i notatet:

5. Kirkerådet foreslår at kirkevalget gjennomføres som digitalt valg med begrensede muligheter til å stemme ved oppmøte (modell 2). Støtter du/dere dette? \*

Ja, jeg/vi  ønsker at kirkevalget gjennomføres digitalt med begrensede muligheter for å stemme ved oppmøte (modell 2).

Nei, jeg/vi ønsker at kirkevalget gjennomføres heldigitalt (modell 1).

Nei, jeg/vi ønsker at kirkevalget gjennomføres med digital forhåndsstemming og valgdag med fysisk stemmegiving (modell 3).

Ingen mening / ønsker ikke svare

6. Begrunnelse og andre merknader

Auka bruk av digitale tenester med betra tekniske løysingar og tryggare personvern er i stadig utvikling, og tilseier at dette får ein større plass – også i kyrkjeleg samanheng.

Omsynet til dei fullverdige medlemmer av kyrkja, som enno ikkje er fortrulege med det digitale, må ivaretakast ut frå allmenne demokratiske prinsipp.

Det bør t d framleis vere opning for at veljarar på institusjonar kan førehandsrøyste.

Val av modell 2 krev utgreiing av tiltak som mykje tydelegare ivaretek desse omsyna enn det skissa i høyringsnotatet syner.

Høyanger kyrkjelege fellesråd støttar val av modell 2, med dette atterhaldet.

Skulle modell 3 verte vald vil ressursbruken openbertt verte større. Dette kan likevel ikkje vere det avgjerande momentet. Sjølv med modell 3 må det kunne gjerast forenklingar og innsparingar. Til dømes må reglane for førehands-røysting på papir, og oppmøte på valdagen utanfor eige sokn, kunne endrast utan at rettar knytta til personvern og demokrati må fråvikast.

Ein meiner også at koplingane i notatet mellom valdeltaking og ressursbruk ikkje er så eintydig klargjorde at det i seg sjølv kan vere eit godt argument mot eit val av modell 3.

## Tidspunkt for kirkevalget

7. Kirkevalget i 2027 vurderes gjennomført i et annet tidsrom enn det offentlige valget. Hvilken tidsperiode vurderer du/dere som den beste for gjennomføring av kirkevalget 2027?

August–september 2027

Oktober–november 2027

Vet ikke

Ingen mening

8. Begrunnelse og andre merknader. Kom gjerne med innspill til praktiske konsekvenser av å gjennomføre valget i de ulike tidsperiodene.

Kyrkjevalet bør avviklast samtidig med det offentlege valet.

Dette fordi ein vil kunne ha drahjelp av val-omtala elles. At kyrkjevalet då står i fare for å drukne i valkampen elles kan vere reelt, men handlar gjerne meir om marknadsføring.

For kyrjemedlemene, som også er veljarar i det offentlege valet, vil ein også kunne risikere val-trøytt-leik om ein får enno fleire tidspunkt for val å skulle forhalda seg til.

Ved ei valordning (og reglar) meir lik den offentlege får kyrkjevalet meir "status" enn ein elles kan ende opp med. Sidan kyrkja står fritt, ynskjer ein stor og brei oppslutnad.

Høyringa si problematisering av å avhalde kyrkjeval på same tid og stad som det offentlege valet, grunngeve med trus- og livssynspolitiske omsyn har fellesrådet liten sans for. Ved slik problematisering set ein andre enn kyrkja sine interesser øvst.

9. Kirkerådet ber samtidig om synspunkter fra høringsinstansene på om det etterfølgende kirkevalget (kirkevalget 2031) bør flyttes til et annet tidspunkt enn det offentlige valget eller eventuelt til et annet år. Har du/dere merknader til dette?

Valet i 2031 bør avviklast samtidig med det offentlege valet.

Etter valet i 2027 bør ein leggje vekt på ei grundig vurdering av *måten* valet vert gjennomført på, meir enn *tidspunktet* for valet. Dette fordi det (i alle fall i høyringsnotatet) er få eller ingen haldepunkt som tilseier at tidspunktet for valet har hatt noko vesentleg å seie for valdeltakinga.

## Ordning for valg til bispedømmeråd og Kirkemøtet

...

10. Kirkerådet foreslår å avvikle ordningen med Nominasjonskomiteens liste ved valg til bispedømmeråd og Kirkemøtet. Støtter du/dere dette forslaget? \*

Ja

Nei

Vet ikke

Ingen mening

11. Begrunnelse og andre merknader

Ved dei siste vala har det vore stilt andre og tilstrekkeleg mange lister slik at veljarane uansett vil ha reelle val, også utan Nominasjonskomiteens liste. Det vil krevje- men også truleg avle- auka interesse og engasjement for å stille lister med eigne program.

Dette samsvarar også meir med parallellen til det offentlege valet.

For å sikre at det er minst ei liste, må ein likevel leggje inn eit alternativ i regelverket der ein nominasjonskomitè kan setje opp ei liste dersom det manglar innan den frist ein set.

Kirkerådet foreslår å videreføre ordningen med direkte valg til Kirkemøtet og bispedømmeråd. Støtter du/dere forslaget? \*

Ja

Nei

Vet ikke

Ingen mening

12. Begrunnelse og andre merknader

Direkte val til bispedømmeråd og kyrkjeråd vil vere i tråd med demokratiske prinsipp. Det vil også vere ein tydeleg parallell til det offentlege valet (kommune, fylke, Storting).

Skulle indirekte val verte vurdert vil ein meir prinsipiell gjennomgang av kva demokrati-modell ein legg til grunn vere påkravd. Ynskjer ein eit val likt det offentlege, eller ynskjer ein meir kyrkja som ein organisasjon lik mange andre frivillege organisasjonar?

Skulle det siste vere eit alternativ vil ei aktivisering og styrking av grunnplanet, dvs. sokneråda og førebuing av vala til desse verte heilt naudsynt.

## Forenklinger i regelverket

13. Kirkerådet foreslår å fjerne muligheten til å stemme på personer som ikke har stilt til valg (tilføyde navn) ved menighetsrådsvalg. Støtter du/dere forslaget? \*

Ja

Nei

Vet ikkje

Ingen mening

14. Begrunnelse og andre merknader

Dersom slike oppføringar er gjort for å få med kvalifiserte og interesserte kandidatar, er det sjølvsagt ille at dei vert utelukka frå å kunne veljast i denne omgangen. Ein grunn til slik oppføring kan vere misnøye med den aktuelle lista – det er òg legalt.

Både tifella bør likevel spore veljarane til innsats tidlegare i nominasjonen, heller enn å aksjonere på vallista. Ordninga slik den er i dag bør aviklast..



15. Kirkerådet foreslår å videreføre ordningen med sperregrense på fem prosent av personlig stemmetall ved menighetsrådsvalg. Støtter du/dere forslaget? \*

Ja

Nei

Vet ikke

Ingen mening

16. Begrunnelse og andre merknader

Fellesrådet ser at ei slik sperregrense kan motverke den uheldige effekten av at relativt få veljarar kan påverke resultatet ved soknerådsvalet. Ein vil likevel meine at veljarane må kunne påverke rekkefylgja på lista ved å stryke eller gje ekstra stemmer. Reglane bør også her leggast opp til å vere mest mogeleg likt det offentlege valet.

17. Kirkerådet foreslår å videreføre ordningen med forholdsvalg (flere lister) ved valg av menighetsråd. Støtter du/dere forslaget? \*

Ja

Nei

Vet ikke

Ingen mening

18. Begrunnelse og andre merknader

Dersom engasjementet for den kyrkjelege aktiviteten er stor at det vert stilt fleire lister ved soknerådsvalet, bør omsyn til demokratiske rettar tilseie at ordninga vert vidareført.

19. Kirkerådet foreslår å videreføre, men forenkle ordningen med supplerte kandidater av menighetsråd. Støtter du/dere forslaget? \*

Ja, jeg/vi ønsker å videreføre ordningen med forenklinger

Nei, jeg/vi ønsker å videreføre ordningen som i dag

Nei, jeg/vi ønsker å avvikle ordningen

Vet ikke

Ingen mening

20. Begrunnelse og andre merknader

Dersom det viser seg vanskeleg å stille liste, eller at lista ikkje fyller krava m.o.t antal kandidatar, bør supplerande lister vere mogeleg. Forenklingane bør, slik høyringsnotatet skisserer, kunne vere at liste då vert ei eiga ordinær liste.

## Forslag til endringer i Kirkemøtets sammensetning

21. Kirkerådet foreslår å videreføre særskilt representasjon av prester i Kirkemøtet. Støtter du/dere forslaget? \*

Ja

Nei

Vet ikke

Ingen mening

22. Kirkerådet foreslår å videreføre særskilt representasjon av lek kirkelig tilsatte i Kirkemøtet. Støtter du/dere forslaget? \*

Ja

Nei

Vet ikke

Ingen mening

23. Har du/dere merknader til spørsmålet om særskilt representasjon av prest og lek kirkelig tilsatt? Begrunnelse og andre merknader

Fellesrådet ser det demokratiske paradokset i at enkeltgrupper skal ha eigen representasjon framfor andre, særleg når me elles vektlegg parallellen til det offentlege.

Samstundes er det eit vesentleg særtrekk ved den frie folkekyrkja. Den er også eit trussamfunn, bygd på eit felles skriftgrunnlag og teologi, og likevel med stor breidde i den forkynte læra. Dette bør vise att i dei styrande organa.

Det er difor ikkje urimeleg at "fag-etaten", dvs. teologane har ei viss tyngde - utover den faste representasjonen som biskopane utgjer.

Kor stor andelen skal vere, og korleis dei skal utpeikast må utgreiast nærare. T.d. kan ordinerte prestar som vil delta i val av prest til desse organa måtte avstå frå både å vere kandidat, eller å få røyste, i valet til bispedømme og kyrkjeråd.

24. Hvis valg av prest og lek kirkelig tilsatt videreføres, støtter du/dere Kirkerådets forslag om å gjennomføre valgene som flertallsvalg heller enn preferansevalg? \*

Ja

Nei

Vet ikke

Ingen mening

25. Begrunnelse og andre merknader

Dette må prestane sine organisasjonar og dei kyrkjelege organa i bispedøma eller kyrkemøtet avgjere.

26. Kirkerådet foreslår å innføre en vektet representasjon fra hvert bispedømme i Kirkemøtet?  
Støtter du/dere forslaget? \*

- Ja, jeg/vi ønsker at antall medlemmer i bispedømmet skal ha betydning for representasjon i Kirkemøtet
- Nei, jeg/vi ønsker at det fortsatt skal velges sju medlemmer fra hvert bispedømme
- Vet ikke
- Ingen mening

27. Begrunnelse og andre merknader

Det vil samsvare med demokratiske prinsipp og reglane for dei offentlege vala at ei stemme skal telje like mykje uavhengig av kvar ein er busett.

Ei utjamning som verkar rettferdig og vil ivareta desse prinsippa ligg til grunn for representasjon mellom valdistrikt i dei offentlege vala.

Det bør kunne finnast tilsvarende løysingar for kyrkjevala.

28. Har du/dere andre merknader til Kirkemøtets sammensetning?

Nei.

29. Har du/dere andre merknader høringen?

Kunngjering av- og opplysningsarbeidet rundt- kyrkjevala er lite tematisert, og bør vektleggjast mykje meir i det vidare arbeidet med valordninga.

Uansett kva modell som vert vald, og korleis endringane vert, vil lokalt engasjement og aktivitet vere avgjerande for auka oppslutnad om valet. Det kostar dugnad og pengar.

Innsatsen lokalt vert også utført av andre enn dei faste og pårekeleg aktive i kyrkja. Det i seg sjølv bør vere eit håp for auka oppslutnad – på sikt, også sjølv om det har ein pris der og då.

Dersom kyrkja si oppfatning av at sokna og aktiviteten der er det viktige grunnfjellet i den opne og demokratiserte kyrkja, ja, så må ein også vere viljug til å bruke økonomiske ressursar på lokalplanet. Aktivitet er heller ikkje der heilt utan kostnader.

Fellesrådet vil soleis sterkt åtvare mot å redusere alt tilskot til lokal avvikling av vala, same kva modell som til slutt vert vedteken.

**Høyanger kyrkjelege fellesråd, 26.11.2024**

# Høyring – fellesordningar innan digitalisering, personvern og informasjonssikkerheit i Den norske kyrkje

## Høyringsspørsmåla:

A. Kor viktig meiner du det er at kyrkja samlar seg om digitale fellesløysingar (felles digitale verktøy) (på en skala frå 1-6)?

- 5 – Svært viktig og ganske avgjerande for arbeidet framover

B. Kva i denne saken om fellesordningar innan digitalisering er du mest positiv til?

- At datatryggleiken blir tatt vare på.
- At informasjon om medlemmer kan flyte saumlaust i organisasjonen – ettersom medlemmer flyttar på seg m.m.
- At vi bygg ein felles identitet i DNK. T.d. At alle tilsette har same e-post.
- At vi gjer det enklare å finne måtar å samarbeide på.

C. Kva i denne saka om fellesordningar innan digitalisering synes du er mest utfordrande?

- Økonomi – kven skal betale og kor store blir kostnadane. Trong kommuneøkonomi pressar oss.
- At ein treng ein mest mogleg saumlaus tilgang til kommunale tenester også.

### § 1 Digitaliseringsutval

D. Er du einig i at dagens samstyring innan digitalisering bør formaliserast som en forpliktande fellesordning?

- Ja

E. Har du kommentarar?

- Blir det frivillig vil utviklinga gå altfor sakte framover, om ein i det heile får til ei utvikling mot felles ordningar.
- Blir det forpliktande, må det avklarast kven som skal betale for ordningane. Kommunenivå eller på høgare nivå i organisasjonen.

### § 2 Sikkerheitsutvalg for personvern og informasjonssikkerheit

F. Er du einig i at dagens fellesordning innan personvern og informasjonssikkerheit bør formaliserast som ei forpliktande fellesordning?

- Ja

G. Har du kommentarar?

- Dette krev ressursar og kvalifisert arbeid. Våre medlemmer og publikum, oppfattar oss som ein organisasjon, ikkje som mange små.

### § 3 Personvernombod

H. Støtter du at Kyrkjemøtet fastset personvernombodet som en fellesressurs for Den norske kyrkje?

- Ja

I. Har du kommentarar?

- Det er naudsynt me har ordningar av høg kvalitet på dette området.

### § 4 Felles behandlingsansvar

J. Støtter du at Kyrkjemøtet fastset felles behandlingsansvar (i forbindelse med

publikums- og medlemskontakt Den norske kyrkje har som trdomssamfunn) i staden for at det er regulert i tilslutningsavtale?

- Ja

K. Har du kommentarar?

- Det er viktig at vi står fram som ein samla og seriøs organisasjon.

L. Støtter du at Kyrkjerådet regulerer ansvar og roller innanfor dette felles behandlingsansvaret i staden for at det er regulert i tilslutningsavtale?

- Ja

M. Har du kommentarar?

- Det er viktig at dette blir regulert på ein måte som tek vare på lokale variasjonar og at det ikkje kjem i konflikt med lokal råderett.

### **§ 5 Dataforvaltning i Den norske kyrkje**

N. Har du kommentarar til dei foreslegne prinsipp for dataforvaltning i Den norske kyrkje?

- I framtida vil det i mange prosti og lokalregionar vere naudsynt med nærare samarbeid om både tilsette og oppgåver. At ein kan samhandle og samarbeide på tvers av kommunar og fellesråd blir lettare om ein er mest mogeleg på dei same plattformene.

O. Støtter du at Kyrkjerådet kan gi digitaliseringsutvalet mandat til å definere kva for system som skal vere tilrådde fellesløysingar?

- Ja

P. Støtter du at Kyrkjerådet kan gi digitaliseringsutvalet mandat til å definere kva system som skal være obligatoriske fellesløysingar?

- Ja

Q. Kva kriterium bør ligge til grunn for avgjerder om anbefalte og/eller obligatoriske fellesløysingar?

- Økonomi lokalt og sentralt, godt og venleg brukarsnitt, kvalitet og datatryggleik. Det må vere krav til at dei ulike datasystema som vert nytta, kan «prate» saman – at ein kan utveksle informasjon på ein enkel og trygg måte.

R. Har du andre kommentarar til saka

-